



Arkivnr: 2018/11004-29

Saksbehandlar: Liz Eva Tøllefsen, Eva Katrine Taule, Jostein Aksdal, David Aasen Sandved, Gunhild Raddum, Endre Korsøen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019

Fråsegn til kommuneplanens arealdel for Kvam herad 2. gongs høyring

Samandrag

Kvam herad har sendt kommuneplanens arealdel på 2. gongs høyring og fylkeskommunen har fått utsett frist for å gje fråsegn grunna politisk handsaming. Kommuneplanens arealdel Kvam herad var på høring fyste gong for eit knapt år sida, og Hordaland fylkeskommune hadde motsegn på fleire punkt etter møte i utval for *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* 21.08.2018. Motsegnpunkta var knytt til ny arealbruk som var i strid med omsynet til kulturminne og landskap, føresegner knytt til næringsområde som var i strid med regional føresegn 4.1 om handel, samt næringsformål som kunne vere i strid med gjennomføring av KDP for F7 gjennom Tokagjelet.

Det vart gjennomført dialogmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Kvam herad 22.01.2019 kor motsegnpunkta vart drøfta punkt for punkt og kommunen meldte at dei i ville søke å komme fylkeskommunen i møte på alle punkt, med eit mogleg unntak for feltet AK27 (akvakulturlokalitet Kvamsøy), kor kunnskapsgrunlaget skulle utbetrast før kommunen tok endeleg stilling.

Fylkesrådmannen meiner det er gjort fleire grep som er positive ut frå omsyn til sentrumsutvikling og kulturminneverdiar. Fleire av motsegnpunkta er løyst, det er likevel nokre konflikhtar mellom arealbruk og automatisk freda kulturminne att i planframlegget, akvakulturområde AK27, samt upresise føresegner knytt til næringsareal.

Kulturminna er viste på kart, både dei automatisk freda og nyare tids kulturminne. Men føresegnene er ikkje tilstrekkeleg utforma til å ivareta omsynssonen sitt føremål. Det er framleis konflikt mellom OPT50 og S8 i kommuneplanen.

Fylkesrådmannen ser at det er gjort nye forsøk, på å tilpasse AK27 Akvakultur Kvamsøy. Fylkesrådmannen sin faglege vurdering er at plasseringa framleis vil få negativ verknad for staden sine kulturminneverdiar og at den nye plassering sør for Kvamsøy ikkje løyser den overordna konflikten med kulturlandskapet.

Hordaland fylkeskommune har og vært i dialog med kommuneadministrasjonen om føresegnene knytt til handel i areal avsett til næring kor det vart knytt motsegn etter 1.gongshøyring. Administrasjonen har instilt på å endre føresegnene til å vere i tråd med unntaksvarene i *Regional plan for attraktive senter* § 4.1.

Framlegg til vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner framlegg til KPA Kvam etter 2. gongs høyring framleis er i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Utvalet gjer vedtak om å oppretthalde motsegn til fylgjande punkt i planframlegget:
 - a) Planframlegget har ikkje har god nok føresegn knytt til bandleggingssona H730 - automatisk freda kulturminne. Motsegn vert trekt når føresegn er i tråd med intensjonen i lovverket.
 - b) Fylkeskommunen viser til at OPT50 vil kome i konflikt med framtidig vern og at OPT50 vil stenge inne og fjerne kulturminnet si plassering i landskapet. Motsegna kan trekkast om det grøntområdet GRS 78 på kyrkjestaden vert utvida fram til terrassekanten i sør
 - c) Avgrensing og merking av området rundt gravminnet Id 97503 er ikkje tilstrekkeleg og må utvidast. Motsegn kan trekkast om ein legg inn ein grøn sone over kulturminnet og parken og strekk dette nord til eksisterande infrastruktur
 - d) d) Framlegg til AK27 Akvakultur Kvamsøy har negativ verknad for staden sine kulturminneverdiar og er i konflikt med kulturlandskapet. Motsegn vert trekt om AK27 vert tatt ut av KPA

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner framlegg til KPA Kvam etter 2. gongs høyring framleis er i konflikt med Regional plan for attraktive senter. Utvalet gjer vedtak om å oppretthalde motsegn til fylgjande punkt i planframlegget:
 - a) Planframlegget har ikkje har presis nok føresegn knytt til næringsareal, som opnar for handel. Motsegn kan trekkast om føresegnene vert endra til å berre omhandle unntaksvarene i Regional plan for attraktive senter § 4.1.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fylgjande merknader i høve kulturminneinteresser i kommuneplanen:
 - a) Kvam herad bør ta inn ei presisering i fellesføresegner under pt. 2.4 Landbruks-, natur og friluftsområde (pbl § 11-7 nr. 5) om at tiltak gjeve løyve til her må vera avklart i høve til anna lovverk, her under kulturminnelova.
 - b) Kommuneplanen sine føresegner for omsynssone H570 bør vise til Kommunedelplan for kulturminne 2017 – 2017 for sakshandsamingsrutinar knytt til kommunalt listeførte kulturminne - «gul liste»

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- 1 Oversikt over endringar
- 2 Plankart alle tema
- 3 Føresegner
- 4 Planomtale
- 5 Konsekvensutgreiing akvakultur
- 6 Møtereferat dialogmøte

Fylkesrådmannen, 31.05.2019

1. Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Fylkesrådmannen meiner omsynet til regionale interesser generelt er godt ivarettatt i revidert planframlegg og at heradet har tatt til følgje mange av innspela i frå førre høyringsrunde knytt til sentrumsutvikling og handel, akvakultur, samferdsel, samt kulturminne og kulturmiljø.

1.1 Planprosess og medverknad

Kommuneplanens arealdel Kvam herad var på høring for eit knapt år sida, og Hordaland fylkeskommune hadde motsegn på fleire punkt etter møte i utval for Utval for kultur, idrett og regional utvikling 21.08.2018. Motsegnpunktta var i hovudsak knytt til ny arealbruk som var i strid med omsynet til kulturminne og landskap, arealbruk som kunne vere i konflikt med gjennomføring av kommunedelplan for Tokagjelet og føresegnar knytt til næringsareal som var i strid med føresegn § 4.1 i Regional plan for attraktive senter.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til meking hos Fylkesmannen i Vestland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

2. Innhald i planen og vurdering av regionale interesser

Utval for kultur og idrett og regional utvikling fremde i førre høyringsrunde motsegn til kommuneplanen arealplan for Kvam herad, 2018-2030, på følgjande punkt:

4. Føresegnene til næringsformål, § 2.1.8, opnar opp for detaljhandel i strid med føresegna i Regional plan for attraktive senter. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til føresegnene knytt til næringsformål. *Motsegna fell bort viss føresegnene vert endra til å vere i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*
 5. Feltet FO4 (forretning) på Evjo ligg utanfor senterområde og opnar opp for detaljhandel i strid med retningsliner og føresegna 4.1 i *Regional plan for attraktive senter*. Utval for kultur og idrett og regional utvikling fremjar motsegn til formålet. *Motsegna fell bort om formålet vert endra til næring og føresegnene vert endra til å vere i tråd med unntaka i føresegna i Regional plan for attraktive senter*
 6. Grunna mogleg konflikt med kommunedelplan for Fv. 7 gjennom Tokagjelet som er under arbeid, fremjar Utval for kultur og idrett og regional utvikling motsegn til kommuneplanens arealdel mot dei nye felta med formål næring N42, N43 og N67.
- 14.
- a. Akvakultur AK27 - grunna stor konflikt med det overordna kulturlandskapet og fjorden som historisk og førhistorisk lei. *Motsegn fell bort dersom akvakulturområdet vert tatt ut av planforslaget eller at ny plassering/omfang tek*

omsyn til dei kjende kulturminneverdiane i området

- b. Arealføremål OPT50 – utviding av aldersheim i Øystese - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne kyrkjestad frå mellomalder id 97444. *Motsegn fell bort dersom avgrensinga av arealføremålet OPT50 vert lagt utanfor kulturminnet id 97444 med sikringssone.*
- c. Sentrumsføremål S8 Straumshaugen - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om S8 vert teken ut av planen i si noverande form og ny arealbruk sikrar gravminnet.*
- d. Næringsområda ved Ljonesvågen N17/N18 og N20 - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om N18 og N20 vert tatt ut av planen.*
- e. F18 vist som framtidig fritidsbusetnad - grunna konflikt med automatisk freda kulturminne og uavklarte kulturminne. *Motsegn fell bort om ein tar F18 ut av planen*
- f. Kulturminneplan for Kvam» med røter og føter i Kvam, kommunedelplan for kulturminne 2017-2027 har prioriterte kulturminne. Desse må visast på kart med omsynssoner. *Motsegn fell bort når kommuneplankartet er retta opp.*
- g. Automatisk freda kulturminne er ikkje vist på forslag til plankart. *Motsegn fell bort når automatisk freda kulturminne vert vist som omsynssone d, bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8, d (SOSI-kode H730)*

Det vart gjennomført dialogmøte mellom Hordaland fylkeskommune og Kvam herad 15.01.2019 kor leiar og nestleiar i Utval for kultur, idrett og regional utvikling stilte i tillegg til representantar frå administrasjonen. Motsegnspunkta vart drøfta punkt for punkt og kommunen meldte at dei i ville søke å komme fylkeskommunen i møte på dei fleste punkta, med et mogleg unntak for AK27.

Punkt 14

- a. Akvakultur AK27 – heradet ønskte ikkje å ta ut AK27, men betre kunnskapsgrunnlaget
- b. Offentleg formål OPT50 (automatisk freda kulturminne). Heradet ønskte ikkje å ta ut OPT50, men finne løysingar som tar i vare kulturminnet tross utnytting av feltet.
- c. Sentrumsformål S8 - gravhaug frå jernalder i område satt av til sentrumsformål (automatisk freda kulturminne). Heradet ønskte vidare utvikling av regionsenteret med busetting, men konkluderte i møtet med at arealet skulle gjerast omgjort til parkføremål. Feltet skulle sikrast med omsynssone i tråd med Riksantikvarens avgrensing av kulturminne i plankart. Føresegner skulle stadfeste at dette arealet ikkje skulle verte bebygd.

I dialogmøtet vart det drøfta korleis ein kan møte kommunens behov for utvikling av desse felta, samtidig som andre omsyn vart tatt:

Saksutgreiing

Senterstruktur og handel

Det er positivt at revidert framlegg til KPA har lagt inn bestemmelsesgrense for avgrensing av sentrum. Revidert framlegg har og spesifisert at handel i næringsareala N48a (Evjo) og (N68) berre kan omfatte

vareutval som i hovudsak består av bilar, båtar landbruksmaskiner, trelast og større byggjeverar, samt utsal frå hagesenter og større planteskuler.

Utval for kultur og idrett og regional utvikling fremde i førre høyringsrunde motsegn tili føresegnene § 2.1.4 som opna for forretning i næringsformål. I samsvar med Senterplanen, skal detaljhandel verte lokalisert i sentrum. Felte avsett til næringsformål har følgande føresegn knytt til seg jf. § 2.1.8: *I område for næring kan det etablerast bygningar og tiltak for industri, handverk, lager med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Det er ikkje høve til å etablere utsal for daglegvarehandel, som t.d. matvarer, apotek, klede og lignande.* Utval for kultur og idrett og regional utvikling si vurdering var at føresegna må jamførast med regional retningslinjer, og berre opne for handel i tråd med unntaksvarene.

Det bør tydligare inn føresegnene til planen at detaljhandel skal lokalisert i senter eller bustadkonsentrasjonar. Vidare må det komme fram at det er krav om samtykkehandsaming når etableringar gjer at handelsareal i plan eller ved tiltak overstig 3000m². Føresegn(er) om handel i tråd med Senterplanen bør innarbeidast, kor unntaksvarar vert definert. i tråd med den regionale planen.

Forslag til justering/ending:

Fylkeskommunen har vore i dialog med Kvam herad og spelt inn konkrete forslag til endringar av føresegnene. Kommuneadministrasjonen har i mail av 29.05.2019 stilt seg positive til framlegg av endringar av føresegner knytt til næringsområder.

Fylkesrådmannens forslag til reviderte handelsføresegner:

Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillate i sentera definert i kommuneplanen; Norheimsund, Øystese Strandebarm og Ålvik. Nytt bruksareal for detaljhandel over 3000 m² skal vere innanfor sentrums-utstrekninga definert i kommunal plan.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- *Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.*
- *Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjeverar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.*

Samferdsel

Fylkeskommunen og Statens vegvesen hadde motsegner knytt til områda N43, N42 og N67 (Lid jarnindustri og gamle Steinsdalen skule). I samsvar med våre innspel, er desse områda endra til kombinert føremål - samferdsleanlegg/næring. Områda er låst som samferdsleanlegg inntil arealbehov i kommunedelplan for Tokagjelet er avklara. Områder som samferdsleanlegget ikkje skal nytta, går tilbake til næring.

Akvakultur

Fylkesrådmannen har gjennomført ein gjennomgang av areal og føresegner som vedkjem akvakulturinteressene og har ikkje ytterlegare merknader til endringane som er gjort etter forgje høyring.

Kommuneplanen i Kvam herad har ikkje vore revidert sidan den blei vedteken i 2006. Kvam herad har gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for å gjennomføre naudsynte anleggsendingar på lokalitetane Djupevik, Saltkjelen I, Aplavika, Dysvik, Teigland og Sagvik. På grunn av dette er fleire løyve etter akvakulturlova gjeve mellombels i påvente av rullering av arealplanen.

For akvakulturnæringa er behovet for forutsigbarheit viktig og i denne samanheng vil eit snarleg vedtak av arealplanen bidra til meir forutsigbare rammer for akvakulturnæringa i kommunen.

Hordaland fylkeskommune har vurdert denne avgrensa høyringa av arealplanen som ansvarleg mynde for tildeling av akvakulturløyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og med ansvaret for å ivareta akvakulturinteressene i plansaker etter Plan- og bygningslova og kome fram til at ein støttar kommunen sitt framlegg, og ønskje om eit snarleg vedtak av revidert arealplan.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesrådmannen ser at det er gjort eit stort arbeid med planen, omsynsoner for kulturminne både for automatisk freda og nyare tid er kome til. Dette gjer kommuneplanen til eit godt reiskap for kommunal planlegging og vidare arealbruk. Fylkesrådmannen vil likevel vise til at; når Kvam herad legg til grunn ei forenkla sakhandsaming i LNF jf. Pt 2.4 i føresegn til KPA, bør ein og informera brukarane om at tiltak, som i kommuneplanen ikkje treng vidare handsaming må vera i tråd med anna lovverk, her under kulturminnelova. Fylkesrådmannen viser til at kommunedelplan for kulturminne må integrerast som ein del av sakshandsaminga der dette er relevant.


Fylkesrådmannen har følgande særlege merknader:

2. a.) Fylkesrådmannen ber om at Kvam herad tek inn ei presisering i fellesføresegner under pt. 2.4 Landbruks-, natur og friluftsområde (pbl § 11-7 nr. 5) om at tiltak gjeve løyve til her må vera avklart i høve til anna lovverk, her under kulturminnelova.
2. b.) Fylkesrådmannen ber om at føresegn 3.1.14 viser til Kommunedelplan for kulturminne 2017 – 2017 kapittel 4.2 til 4.4 som del av sakshandsamingsrutine for denne typen kulturminne.

OPT50 – formål: Dementlandsby

OPT50 gjeld heradets ynskje om å legge til rette for ein dementlandsby i område med automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren har i si fråsegn til 1. gongs høyring bedt heradet om å vise kulturminnet i KPA med omsynssone H730 og tilhøyrande føresegn. I dialogmøtet vart utforming av eit bygg og eventuelle konflikt med kulturminne i ein detaljplan drøfta.

Hordaland fylkeskommune vedtok motsegn til OPT50 ut i frå omsyn til automatisk freda kulturminne Id 97444 - Øystese gamle kyrkjestad. Revidert arealplan viser kulturminnet, men framleis vil OPT50 og vera i konflikt framtidig vern av dette kulturminnet. Kvam herad har lagt kulturminnet som grønt område i kombinasjon med H730, men avgrensinga og omfanget er ikkje stort nok. Fylkeskonservatoren har spelt inn mogleg avgrensing av grøntstruktur, som kan ta best mogeleg vare på kulturminnet.




Fylkesrådmannen fremjar fylgjande vedtakspunkt:

1. b). Fylkeskommunen viser til at OPT50 vil komme i konflikt med framtidig vern og at OPT50 vil stenge inne og fjerne kulturminnet si plassering i landskapet. *Motsegna kan trekkast om det grøntområdet GRS 78 på kyrkjestaden vert utvida fram til terrassekanten i sør.*

Forslag til justering/ending:


Fylkeskommunen har vore i dialog med Kvam herad og spelt inn konkrete forslag til endringar av arealgrenser til Kvam herad. Dette for å kunne løyse eventuelle problem gjennom dialog, dersom dette er mogleg. Kommuneadministrasjonen har i mail av 29.05.2019 stilt seg positive til framlegg av endringar for avgrensing av følgjande områder:

- OPT50 må vise kulturminne og omsynssone H570 ut mot terrassekanten i kombinasjon med grøntområde/park– sjå illustrasjon under kva som kan vera ei aktuell avgrensing av grøntområdet:



S8 - Norheimsund


Fylkesrådmannen viser til motsegn på konflikt mellom S8 og gravminnet, Straumhaugen er einaste attverande gravhaug i sentrum av Norheimsund. I drøftingsmøtet vart det vist til at motsegn kan trekkast om ein etablerer eit større verneområde rundt kulturminnet. Dette arealet må då gå fram til dagens veg og skjering i nordaust, for å ivareta kulturminnet i eit meir originalt landskap.



Framlegg til revidert arealplan har ikkje følgd opp dette, S8 går framleis rett nord for kulturminnet. Det er ingen buffer mellom fornminne og senterområdet. Dette vil føre til ei fortetting og skjemming av kulturminnet på Straumhaugen. Dette er ikkje i tråd med nasjonale forventningar kulturminnevernet har nasjonalt.

Fylkesrådmannen ser at endringane med omsyn til avgrensing og merking av gravminnet Id 97503 ikkje er tilstrekkeleg til å kunne trekke tidlegare motsegn.

S8 må avgrensast av ein grøn korridor på ryggen av Straumhaugen, der gravminnet ligg. – sjå illustrasjon av kva som kan vera avgrensinga for H570 i kombinasjon med grøn/park areal:



Fylkesrådmannen fremjar fylgjande vedtakspunkt:

1. c.) Avgrensing og merking av området rundt gravminnet Id 97503 er ikkje tilstrekkeleg og må utvidast. *Motsegn kan trekkast om ein legg inn ein grøn sone over kulturminnet og parken og strekk dette nord til eksisterande infrastruktur.*

Omsynssoner H730 og H570

Planomtalen opplyser at både H730 – gjeldane automatisk freda kulturminne er tatt inn og H570 – jf gul liste no skal vera med. Høringa er gjort noko vanskeleg, etter kontakt med Kvam herad har vi fått sendt over sosi-filer med bandleggingssoner. Fylkeskonservatoren finn at både dei automatisk freda kulturminna og nyare tids kulturminne jf. kommunen si eiga prioritering er gjort. Revidert planforslag har slik tatt inn Hordaland fylkeskommune sine merknader i nytt framlegg visning på kart i kommuneplanen.

Bandleggingssone bør følgja nasjonal standard, både i kart og føresegn. Kvam herad har og lagt inn forslag til føresegn for omsynssona H730, denne er i si noverande form korkje tilstrekkeleg eller lovleg etter kulturminnelova § 3.

Pt. 3.1.15 viser til bandleggingssone 730 – bandlegging etter lov om kulturminne.

«Sona syner område med kulturminne som er bandlagt etter lov om kulturminne. Det skal takast særskilt omsyn til automatisk freda kulturminne ved planlegging, handsaming av søknad og gjennomføring av tiltak innanfor sona.»

Fylkesrådmannen viser til at omsynssone H730 viser bandlagt areal etter kulturminnelova og som er automatisk freda. Av dette følger det at ingen tiltak er lovleg. Kulturminnelova § 3 legg ned eit forbod mot inngrep, skade eller skjemming av automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til H730 må avspegle dette for brukarane av kommuneplanen. Slik føresegna no står opnar dette for eventuelle tiltak, det går ikkje.

Kvam herad har tatt inn prioriterte kulturminne frå kommunedelplan for kulturminne og vist desse som omsynssone H570. Føresegna til desse er då: *Sona omfattar område med særskilde kulturminneverdiar og prioriterte lokale kulturminne. Det skal takast særskilt omsyn til kulturminne ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafør sona.*

Fylkesrådmannen viser til at når Kvam herad har ein eigen vedteken plan for lokale kulturminne må det også i føresegnene til kommuneplanen visast til denne planen «Med røter og føter i Kvam, kommunedelplan for kulturminne 2017 – 2017» Kapittel 4, her under kapittel 4.2 til 4.4 som del av sakshandsamingsrutine for denne typen kulturminne


Fylkesrådmannen fremjar følgjande vedtakspunkt:

1. a) Planframlegget har ikkje har god nok føresegn knytt til bandleggingssona H730 - automatisk freda kulturminne. *Motsegn vert trekt når føresegn er i tråd med intensjonen i lovverket.*


AK27 Akvakultur Kvamsøy

Motsegna til AK27 vart i dialogmøtet ikkje handsama ut i frå at Kvam herad hadde satt i gang ei eiga utgreiing for akvakulturanlegg i heradet. Revidert planforslag har med denne, Rapport Utgreiing – Akvakultur i sjø kommuneplan Kvam herad, dagsett 28.02.2019. Her vert AK 27 drøfta nærmare og det ligg føre ei tilleggsvurdering av konsekvensane jf. S 63 ff.


Anlegget er flytta noko og vridd meir i fjordretninga. Plasseringa er likevel mykje den same og endring på grensene stenger framleis mykje av fjordlandskapet inne, slik det gjekk fram av saksframlegget. Endringane har ført til at AK27 no er vel 100x800 meter. Plasseringa av konsesjonsområdet ligg no vel 438 meter sør for Kvamsøy der ei sikringssone for akvakulturanlegget går heilt inn til Kvamsøy.



Fylkesrådmannen si vurdering er at rapporten frå ABO stadfestar at AK27 har ein negativ verknad på kulturminneverdiane. Ny plassering er framleis konfliktfull. Ny og endra plassering av konsesjon styrker vårt syn på at anlegget vil stenge meir av kulturlandskapet ut/inn frå fjordbassenget i Norheimsund og Øystese. Grad av konflikt har i så måte ikkje avtatt.



Illustrasjon med merking av automatisk frå kulturminne på Kvamsøy.



Illustrasjon av nytt framlegg frå 29.05.2019 med endra plassering av akvakultur sør for Kvamsøy og redusert omfanget.

Fylkesrådmannen ser at det er gjort nye forsøk, jf. siste framlegg frå 29.05.2019, på å tilpasse AK27 Akvakultur Kvamsøy. Fylkesrådmannen sin faglege vurdering er at plasseringa framleis vil få negativ verknad for staden sine kulturminneverdiar og at den nye plassering sør for Kvamsøy ikkje løyser den overordna konflikten med kulturlandskapet. Fylkesrådmannen sin faglege vurdering er at plasseringa framleis vil få negativ verknad for staden sine kulturminneverdiar og at den nye plassering sør for Kvamsøy ikkje løyser den overordna konflikten med kulturlandskapet.

Fylkesrådmannen fremjar følgjande vedtakspunkt:

1. c.) Framlegg til AK27 Akvakultur Kvamsøy har negativ verknad for staden sine kulturminneverdiar og er i konflikt med kulturlandskapet. *Motsegn vert trekt om AK27 vert tatt ut av KPA.*

3. Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner det er gjort fleire grep i revidert framlegg til kommuneplan som er positive ut frå omsyn til sentrumsutvikling og kulturminneverdiar. Fleire av motsegnspunkta er løyst, det er likevel nokre konfliktar mellom arealbruk og automatisk freda kulturminne att i planframlegget, til akvakulturområde AK27, samt upresise føresegner knytt til næringsareal som må rettast opp før planen kan eigengodkjennast. Som nemnd ovanfor, har det vore dialog mellom kommuneadministrasjonen og fylkeskommunen den siste tida som har peikt på moglege løysingar knytt til fleire motsegnspunkt.